

Seterbrukaren

Skrift frå Norsk seterkultur Nr. 1 | Mars 2014 | 17. årgang



Norsk
Seterkultur

Neste utgåve

av Seterbrukaren kjem ut i juni 2014, med frist for stoff 20. mai.

Tips om stoff

Seterbrukaren sine spalter er opne for ord og bilete med relasjon til seterdrift og seterkultur i vid forstand. Tips og hjelp oss også gjerne med stoff om setre som fortener omtale. Nokre ord og 3-4 foto (helst digitale) er nok grunnlag for å få til ein "seter-reportasje" – frå stølen du driv, arbeider på eller rett og slett er glad i.

Adresseendring

Minner om at det er viktig at medlemar og tingarar melder frå om adresseendring.

Styret:

Hans Bondal, leiar
hbond@online.no
Tlf. 90969518
Solliavegen 862, 2477 Sollia

Siv Eggen
7760 Snåsa, tlf. 48 10 27 85
sbeggen@msn.com

Per Sæther
Perseter
6631 Batnfjordsøra
tlf. 71 29 01 81/93 67 35 69
pesetra@gmail.com

Bjørn Karsten Ulberg
358 Nedre Eggedal
bkulberg@broadpark.no

Marit Skjelstad
marit.skjelstad@tine.no
(Repr. landbruksamvirket)

Varamedlemmer

Katharina Sparstad
Tlf. 990 09 584 | ks@valdres.no
2975 Vang i Valdres

Erik Fleischer
tlf. 91180314
Braskerud Nystuen
2436 Braskereidfoss
erfleisc@online.no

Ingrid Arneng
tlf. 95 78 32 06
Skjel, 2940 Heggenes
i.arneng@skjel.no

Utjevar:

Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77
telefaks 70 25 91 57

E-post: seter@seterkultur.no
www.seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51169

Organisasjonsnr. 879270642

Redaktør: Jostein Sande

Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS

Trykk: Birkeland trykkeri

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.

Framsidedfoto: Maria Ballhaus, som har ysta fire sesongar for Rallarrosa stølsysteri.

Foto: Marlene Pflasterer.

Tilbakeblikk og framover...

I tre år har jeg hatt gleden av å være leder i Norsk seterkultur. Det har vært tre lærerike år, og jeg synes også det har skjedd mye i denne perioden. Vi har hatt flere gode samlingspunkt i Valdres, i Telemark og på Røros, og vi har vært og besøkt seterbrukere hjemme. Vi har i disse tre årene også blitt enda bedre kjent med våre svenske naboer og deres situasjon. Og så har vi blitt medlem i EFNCP (European Forum on Nature Conservation and Pastoralism) – den Europeiske seterbruksforeningen, og vi har vært med på Interreg-samarbeid med Bioforsk Midt Norge i et spennende prosjekt om kulturlandskapet i utmark.



Vi ble i 2013 også tatt med i det nasjonale programmet under KMD, «Verdiskaping og næringsutvikling i Fjellregionene» med prosjekt merking av ekte seterprodukter. Dette tolker jeg som en anerkjennelse av vårt arbeid. Om noe skal kalles «fjellnæring» så er det vel i høyeste grad seterdrifta. At dette også har blitt ettertraktet både innen mat og opplevelser har mange av oss merket. Mange av oss har vel også opplevd at det stadig dukker om produkter som bruker navn som «fjell» og «seter» selv om de ikke har annen tilknytting til seter enn emballasjen den er pakket inn i. Norsk seterkultur er i og for seg ikke i mot kreative innspill som dette, men vi vil gjennom en merkeordning for de ekte seterproduktene sikre oss at våre kunder får den varen de forventer. Samtidig vil det kunne styre vår konkurransekraft i et ellers uoversiktlig marked.

2013 har vært et særdeles aktivt år for Norsk seterkultur. I løpet av åtte måneder har vi rukket å gjennomføre en konferanse i Telemark og en fagsamling på Røros.

Begge arrangementene var i samarbeid med seterbedriftsnettverk; Budeieveven og Seterlandet Nord-Østerdalen og Rørostraktene. Fagsamlinga på Røros var også et svensk-norsk-samarbeid for seterdrifta.

Seterbedriftsnettverkene er viktige ambassadører for landbruket og stølsdrifta. Derfor har også Norsk seterkultur i sine vedtekter lagt opp tik at nettverk kan danne regionlag under Norsk seterkultur.

2014 er FN-året for "Family Farming", familielandbruk. FAO har ansvaret for gjennomføringa, og det står FAO-rapportens framside: «Mountain farming is family farming». Dette FN-året gjelder altså i høyeste grad oss seterbrukere. Hvem er vel mer fjellbønder enn de som trekker til fjells med dyra hver sommer?

Vi håper vi får til flere markeringer dette året, og at vi får midler til alle seternetttverk som ønsker å bruke setra si til å markere dette året for fjell-landbruket.

Jeg slutter som leder, men Valdres Natur- og Kulturpark har i dag en del av sekretariatet til Norsk seterkultur. Dette er en del av min arbeidsplass, og derfor vil jeg trolig «henge med» i organisasjonen en stund til. Det er jeg selvsagt glad for.

Takk for samarbeidet, og takk til alle ildsjeler og gode krefter som bidrar til å opprettholde den norske seterkulturen!

Katharina

Norsk seterkultur i internasjonalt samarbeid

Norsk seterkultur er medlem i den Europeiske seterorganisasjonen EFNCP (European Forum on Nature Conservation and Pastoralism). Organisasjonen har medlemsland fra de fleste fjellregionene i Europa. De jobber aktivt for å ta vare på utmarksbeite- kulturen i fjellområdene og gir ut EFNCP medlemsblad «La Cañada». De organiserer årlige samlinger rundt om i Europa og deltar i ulike rådgivningsgrupper og utvalg. Intensjonen var å arrangere en Europeisk samling for kulturlandskap i Norge, og i den forbindelse er det avholdt to planleggingsmøter. Samlingen er imidlertid utsatt pga manglende finansiering



Hans Bondal frå Sollia i Stor-Elvdal

Ny leiar i Norsk seterkultur

-Må nok seie det er med litt blanda følelsar eg går inn i dette, men skal i allefall prøve å gjera det beste ut av det. Kjenner Norsk seterkultur som medlem i mange år, men det er mykje å sette seg inn i når ein skal leie organisasjonen. Godt å ha erfarne folk med i styret og sekretariatet, er Hans Bondal sin kommentar når vi gratulerer med vervet som styreleiar i Norsk seterkultur.

Vi har møtt Hans før i Seterbrukaren sine spalter, seinast sist haust da han og kona Ellen Marie Tangen mottok Norsk Mat og Kulturpris, ein pris etablert av Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Yara. Hans er 60 år, utdanna skog- og utmarksteknikar, gardbrukar i Sollia sidan 1976 og med brei yrkes- og organisasjonserfaring. Fram til 2007 arbeidde han attåt i fjelloppsynet. Hans og Ellen Marie forpakta Sollia prestegard frå 1976, og i 1983 kjøpte dei prestegarden av Stiftelsen Sollia Prestegard. I 2000 kjøpte dei også presteboligen som inntil da hadde vore brukt av stiftelsen til feriested for prestar. – Setra på Øverdalssetra, 920 meter over havet, er heilt sentral i gardsdrifta deira. Geitene er på setra i 4 månader, frå kring 1. juni til heilt sist i september. Dei driv og seterkafe om sommaren og har eiga seterhelg kvart år, med eit allsidig kulturprogram. I samband med

det har dei bygd ei eiga scene i skråninga nedafor seterstua. ’

I 2003 overtok Ellen Marie gardsbruket etter sine foreldre, så i dag driv dei to bruk med om lag 60 geit på kvart bruk. For tida driv dei med utbygging på setra. Har sett opp nytt seterfjøs, som tas i bruk sommaren 2014, og har i tillegg restaurert og sett opp igjen to gamle tømmerhus frå ein naboeigedom, det ene til ystehus / bakstehus, det andre som ei seterstue. Hittil har dei brukt den gamle seterstua til kafe – i seks veker kvar sommar, men planen er å ta det gamle steinfjøset i bruk til dette. Den nemnte seterhelga er første helga i august, og i tillegg til konsertar har vi da gjerne demonstrasjon av ysting, toving av ull og andre handverkstradisjonar – og sjølsagt servering av seterkost. Vi tek også med turistar i fjøsstellet, populært både for store og små, fortel Hans.

Korleis var det å få Norsk Mat- og Kulturpris sist haust? – Veldig overraskande, sjølsagt, men artig å få slik anerkjennelse for mange års arbeid, seier Hans. - Under utdelinga



Hans Bondal er nyvalgt leiar i Norsk seterkultur.

vart det særleg lagt vekt på den allsidige innsatsen til Ellen Marie og Hans, der mat og kultur så absolutt går hand i hand. Gardsdrift og seterdrift i kombinasjon med folkemusikk, kurs og forvaltning av kulturlandskap og natur.

Den nye leiaren i Norsk seterkultur er samfunnsengasjert, og særleg i lokalområdet, som han uttrykkjer det. Han har vore med i, og dels som leiar, i fleire organisasjonar, slik som grunneigarlag, idrettslag – Stor-Elvdal skiklubb, viltstellområde – no leiar i Rondane Sør villreinutvalg. Vidare har han vore ”geitmedlem” i Follidal produsentlag og er med i Geitforum, som representant frå Østersdalen og i fagråd geit under Hedmark Sau- og Geit. Såleis kan vi slå fast at Norsk seterkultur har fått nok ein leiar med stort engasjement og brei organisasjonserfaring.

Årsmøtet i Norsk seterkultur

Store ambisjonar for styrking av seterdrifta

Årsmøtet i Norsk seterkultur på Skjetlein videregående skole ved Trondheim valde Hans Bondal frå Sollia i Stor-Elvdal kommune i Østerdalen til ny leiar. Katharina Sparstad, som har vore leiar i 3 år, sa frå seg attval, men held fram som 1. vara til styret. – Den nye leiaren driv gard og seter, er utdanna skog og utmarkstekniker og har arbeidd som fjelloppsynsmann. Saman med kona Ellen Marie Tangen driv han to geitebruk og allsidig seterdrift på Øverdalssetra. NSK-styret elles består av Siv Beate

Eggen (attvald), Per Sæther (ikkje på val), Bjørn Karsten Ulberg (ikkje på val) og Marit Skjelstad (Norsk Landbrukssamvirke). Varamedlemar til styret: Katharina Sparstad, Erik Fleischer og Ingrid Arneng.

Årsmøtet var lagt til Skjetlein i samband med ”Mat på Mære” sine fagdagar, som hadde eit mangfaldig program. Frå Norsk seterkultur var temaet kulturlandskap og klima bringa inn i programmet, og Ann Norderhaug heldt eit tankevekkande fore-

drag om dette ved innleiinga til fagdagan.

Stor aktivitet

Av årsmeldinga som vart lagt fram går det fram at aktiviteten i Norsk seterkultur har vore stor også siste året. NSK har vore representert på ei lang rekkje arrangement, m.a. Dyrsku’n i Seljord, Dyregod-dagane i Batnfjorden, Liv-dagane, Norsk Rakfiskfestival på Fagernes, Sommarkauk og Bygdedag på Snåsa.

Framhald side 10

Stølsysting i Flåmsdalen

Eg føler det er svært viktig å oppretthalde stølsdrifta i Flåmsdalen og gi dei som ferdist i dalen den opplevinga det er å møte geitene.

At vi i 2010 kunne starte med ysting gjer at vi også kan by på geitost av fleire slag. Rallarvegen går rett forbi stølen, og da ysteriet skulle få namn fall det naturleg å kalle det Rallarrosa stølsysteri. Rallarrosa er eit anna namn på Geitramsen, som blømde i fotspora til rallarane som bygde veg og jernbane. Med godt samarbeid og god hjelp har vi nådd mange av dei måla vi sette oss for utviklinga av stølen, seier Anne Kari Dalsbotten, geitbonde på garden Dalsbotten og primus motor for utviklinga av stølsdrifta i Kårdalen.

Anne Kari Dalsbotten er opphavleg frå Asker, utdanna lærar, og det var stor interesse for landbruk og tradisjonar som gjorde at ho fann vegen til Aurland, til Sogn Jord- og Hagebruksskule. Her fann ho og mannen Knut, som hadde gard. Knut døydde i 2001, og det var tungt å halde fram gardsdrifta. Men som Anne Kari seier, arbeidet i fjøsen og dyra var til hjelp i sorga. Og god praktisk hjelp med gardsdrifta fekk ho av born og praktikantar. Stølen i Kårdalen ligg 10 km frå Dalsbotten, og geitene er på stølen frå midt i juni til midt i september.

Det vart tidleg etablert ein fellesstøl for geit i Kårdalen – med 250 geit på det meste. Diverre har det gått attende med geithaldet i Flåmsdalen, og nysatsinga i Kårdalen, som Anne Kari Dalsbotten har stått i spissen for, er difor svært positivt. Bakgrunnen for satsinga er eit brennande engasjement for geita og Flåmsdalen – og avtale om langsiktig samarbeid om stølsdrifta med Sogn Jord- og Hagebruksskule (SJH). - Anne Kari fortel at tungvindt drift med traktortransport av mjølka heldt på å gjera slutt på drifta i Kårdalen. Traktor med påmontert tank på 10 km dårleg veg var ikkje framtidsretta. Kårdalen ligg 557 meter over havet, 8,4 km frå Myrdal og 11,8 km frå Flåm.

Samarbeid med Sogn Jord- og Hagebruksskule

Planane for nybygg – ystebu, ostelager, sals- og serveringsplass og toalettanlegg – vart gjennomført, og sommaren 2010 var Rallarrosa stølsysteri i sving. – Det skulle bli så mykje enklare enn å transportere mjølka, men det er ikkje berre berre å foredle all mjølka frå 110 geit, seier Anne Kari. - Mange utfordringar i starten, og mykje arbeid, men veldig moro når ein får arbeidet til å gli og gode tilbakemeldingar om produkta. Hovudmålet for utbygginga var å oppretthalde og vidareutvikle stølsdrift med geit i Flåmsdalen. I søknaden om økonomisk støtte til prosjektet heiter det m.a. at det å møte ein geiteflokk og det å få ein smak av ekte geit-



Kjem geitene i dag, montro?

ost når du sykklar eller vandrar i Flåmsdalen er ein ting som vil auke opplevingsverdien. Ysting av mjølka på stølen vil redusera trongen for mjelketransport frå Kårdalen, noko som pr. i dag er krevjande og arbeidssamt for både brukarane og meieriet. Sal av stølsprodukt vil betre økonomien. – Stølsdrift i



Rallarvegen går "rett gjennom" geiteflokk. Alle bilete lånt ut frå Rallarrosa stølsysteri v/Anne Kari Dalsbotten

alen



Maria lagar dessertost

Kårdalen vil vere i tråd med måla til Aurland Verdsarvpark. Andre tilbydarar som vil ha god nytte av stølsdrifta er Flåmsbana, Rallarvegen, Flåm Guide Service og også alle andre aktørar i Nærøyfjorden. Stølsdrift i Kårdalen vil og opne mulegheiter for sal av andre opplevingar som t.d. fisking og turar

med hest. – Satsinga på stølen i Kårdalen gir ringverknader, og er eit godt eksempel på kva potensiale som ligg i aktiv stølsdrift med tilrettelegging for foredling av mjølk og formidling av verdiar og tradisjonar.

For SJH som vidaregåande skule har det og vore viktig å utvikle den pedagogiske biten med utdanning i utmarksbasert opplevingsnæring. Elevane får her lære stølsdrift, ysting, sal og omsetnad av stølsprodukt, vertskapsrollen og samanhangen mellom landbruksnæringa og kulturlandskapet. Geitene gjer ein særleg god jobb i kulturlandskapet, og når ystinga dessutan er basert på oppvarming med biobrensel (ved) betyr det rydding av mykje skog og redusert attgroing i området.

Ost til turistar og lokalmarknad

Tre budeiier trengst for å stelle og mjølke 110 geiter og ta hand om 300 l mjølk dagleg. – Dei har gjort ein formidabel innsats gjennom sesongen, der arbeidsdagane har vore lange. På eit nyanlegg vil det alltid vera ein del kneikar i innkjøringa, og stølsysteriet i Kårdalen vart ikkje noko unntak. Trass i dette så har budeiene produsert fantastiske ostar og mjølkeprodukt elles som får mykje lovord i vide kretsar. Dei har laga tradisjonell brun geitost, tradisjonell kvit usalta geitost, salta geitost, ferskost og salatost (liknar mykje på fetaost). Ein del av osten blir selt til turistar som passerer stølen, gjerne på sykkel etter Rallarvegen, ein del til lokale butikkar

og restaurantar og ein del er også selt på marknader i nærområdet. – Anne Kari Dalsbotten understrekar at tilbodet av ost vil variere frå år til år, avhengig av kompetansen til budeiene. Men dei tradisjonelle ostane, fast kvitost og brunost, vil ein alltid få der, men vi kan ikkje love det same mangfaldet kvart år. Responsen på denne opplevinga av stølsdrift, med tilbod om enkel servering og mulegheita for å kjøpe med seg stølsost, har i allefall vore god så langt – og vi vonar og trur det held fram slik, seier Anne Kari, som i tillegg til å brenne for geita også brenn for å ta vare på og vidareutvikle Sogn Jord- og Hagebruksskule. Skulen er stadig i fare for å bli nedlagt. – Ein god skule, einaste med landsline i økologisk landbruk – det går ikkje an å leggje ned ein slik skule, slår ho fast.

Gullmedalje

Alt i 2011 fekk Rallarrosa stølsysteri utmerkingar for osten. Salatosten "Lykla" fekk gullmedalje på Landsutstillinga for gardsost. Maria Ballhaus, tilsett på SJH og bu-deie i Kårdalen, hadde ysta osten. Maria hadde og ysta gamalosten og kvitosten av rå kumjølke som SJH fekk bronsemedalje for, og har betydd mykje for utviklinga av Rallarrosa stølsysteri.



Ylva og småbukkane.

Rallarrosa stølsysteri



Ystinga har me lært frå budeiene som stølte på fjellstølane i fjella som omkransar dalen. Ysteriet har namn etter rallarrosa, eller geiteramsen, som blomstrar i mengder kring stølen i juli og august. Dette var og "rosa" som følgde rallaren der han strevde seg fram med veg og jarnbane i tidlegare tider.

På stølen sel me i tillegg til ost, enkel stølskost. Anten du kjem over fjellet, eller tek Flåmsbana frå Flåm opp til Vatnahalsen eller Myrdal, fører Rallarvegen deg ned "svingane" til oss.

God og mett, med ost i sekken og minne om Sokka, Kvitkoll og Blåmann, går vegen vidare ned dalen gjennom storslegen natur.

Me ønskjer deg ein triveleg tur!

Prosjekt seterregistrering

Ordet seterlandskap har en god klang hos de fleste nordmenn. Men selv om setra og seterlandskapet er noe folk flest har et positivt forhold til, vet vi at bruken av seterområdene har vært i endring i lang tid.

Av Kari Stensgaard

Svært mange setre er lagt ned, det har skjedd en modernisering av drifta på gjenværende setre og det har skjedd en overgang fra produksjon til rekreasjon. De mest iøynefallende endringene ligger i bygningsmiljøene, i vegetasjonen og i et ekspanderende veinett. I et pågående registreringsprosjekt undersøker Norsk institutt for skog og landskap hvordan ny bruk har påvirket og endret setermiljøene. Vår måte er å presentere tall og statistikk. Vi ønsker med det å bidra til å øke bevisstheten om seterlandskapets plass i den nasjonale kulturarven.

Seterregistreringen er ledd i et større overvåkingsprogram som Skog og Landskap har ansvaret for, som startet i 1998 og som kalles 3Q. Det formelle navnet er Tilstand og resultatkontroll i jordbrukets kulturlandskap. Programmets formål er å gi oversikt over tilstand og endringer eller utviklingstendenser i jordbrukslandskapet. Gjennom gjentakende registreringer i tilfeldig utvalgte områder får vi fram nyttig informasjon bl.a. om arealbruk, biologisk mangfold og kulturminner og –miljøer. Ettersom seterbruket har en så sentral plass i landbrukets kulturhistorie, har vi valgt å vie setermiljøene ekstra oppmerksomhet i dette delprosjektet. I utgangspunktet er det myndighetene som etterspør informasjonen, som grunnlag for målsetting og forvaltning av kulturlandskap, men vi anser det som like viktig at informasjonen tilfaller grunneiere og den interesserte allmenhet.

Hvilke setre?

Seterbruket har vært svært omfattende i Norge. Det ser vi bl.a. i kartinformasjonen om seter som dukket fram da vi skulle danne oss en oversikt over hvor setrene finnes og fantes. Vi la et rutenett over landet, med maskevidde 5x5 km, som dannet rundt 15 000 ruter. I nær en tredjedel av rutene fant vi informasjon om setre eller støler, enten i form av seternavn i stedsnavnregisteret hos Kartverket, seterhus i SEFRAK-registeret eller seter som mottar driftstilskudd gjen-

nom regionalt miljøprogram (RMP). Dette sier vel sitt om omfanget. Det er ikke mulig å undersøke alle seteranlegg i Norge, så hvilke av setrene skal vi undersøke? Siden vi er opptatt av å presentere et gyldig statistisk materiale, har datamaskina fått gjøre et tilfeldig utvalg på 300 av de ca. 5 000 rutene med seterinformasjon. Disse 300 områdene er vi nå i gang med å registrere. I tillegg besøker vi en og annen aktiv seter hver sommer for å få mer innblikk i hva som foregår og hva seterfolket tenker og mener. Med de midler og den kapasitet vi har til rådighet, vil feltarbeidet ta sju somre. I år skal vi i gang med den sjettede. Godt over 200 ruter og 1500 setre er allerede besøkt.

Hva er det så vi registrerer? I hovedsak dreier det seg om hva slags bygninger og anlegg setrene består av, hvordan setrene brukes i dag og tilstanden på bygninger og setervoll. Botaniske undersøkelser inngår ikke. Registreringen baseres på våre egne vurderinger, uten at vi systematisk involverer informanter. Dette har å gjøre med begrensninger i



Forfall og gjengroing finner vi i seterområder i alle landsdeler. På en fjerdedel av setrene ser vi ikke tegn til bruk av noe slag. I bratte og vanskelig tilgjengelige områder er denne utviklingen lett å forstå. Årdal, foto Jan Reyer Elders, Skog og landskap.



Om Ferdigheter skal opprettholdes, må de praktiseres. På Langsetra i Vingelen i Tolga har de laga enhafelle (gjerdet av einer) etter gammel skikk. Et spennende innslag for oss forbi passerende. Foto Kari Stensgaard, Skog og landskap.

penget og tid. Men i heldige fall treffer vi på eiere eller andre lokalkjente personer, som kan bistå med praktisk og historisk informasjon, og gjerne med betraktninger rundt setrenes og seterlandskapets livsbetingelser. I tillegg nyter vi godt av tidligere kartlegginger og ymse lokalhistorisk litteratur. Det er ikke så rent lite arbeid som er lagt ned rundt i landet i nettopp å beskrive og dokumentere setre og seterhistorie.

Hva har vi funnet?

På en fjerdedel av setrene har vi ikke sett tegn til bruk av noe slag. Godt over halvparten av setrene benyttes som fritidshus og på en tredjedel drives det slått eller beite. 5 % er i aktiv drift med melkeproduksjon og på 1 % drives det turisme i form av servering, formidling eller overnattingstilbud. Om de som driver aktiv seter, har vi notert at samtlige, bortsett fra en besøksseter, har bilvei helt fram og at

en tredjedel er tilknyttet strømnett.

Ettersom så mange av setrene er nedlagt, ser vi svært mange bygninger i forfall og mange gjengrodde setervoller. En god del seteranlegg har i dag mer preg av fritidsanlegg enn av seter, ved at produksjonshus er fjernet eller i forfall, seterstuer er bygd om eller erstattet av hytter, og det er kommet til nye elementer som grillhytter og verandaer. Bare 40 % av fjøsene og 30 % av løene er i god tilstand etter vår definisjon, mot 95 % av hyttene og 65 % av selene.

Noe under halvparten av setervollene er åpne eller i begynnende gjengroing, dvs. de er enkle å få i god hevd igjen, mens på en tredjedel er gjengroingen kommet så langt at dersom arealene skal tas i bruk på nytt, vil det innebære nyridding eller nydyrking.

Mye er altså i forfall, og mye er endret og modernisert. Nå er selvsagt det å endre og forbedre også en sterk og viktig tradisjon, men det er et stort kulturhistorisk tap at produksjonshus og produksjonsarealer blir borte. Setras funksjon og samspillet mellom setra og landskapet rundt blir vanskeligere å forstå.

Framover

Undersøkelsen viser at miljøkvalitetene i seterlandskapet er under betydelig press. Samtidig opplever vi et sterkt engasjement hos mange setereiere, som er opptatt av å beholde og videreføre både landskap, bygningsmiljøer og andre tradisjoner rundt seterdrift. Bevaring av seterkultur er imidlertid avhengig av aktiv drift, og setre med melkeproduksjon er i den sammenheng blitt faretruende få og rekrutteringen usikker.



Det er stas å se at bygninger oppgraderes i tråd med lokale tradisjoner. På dette selet er form og størrelse bevart og materialbruk og gjennomføring ser ut til å være helt etter boka. Førde, foto Wendy Fjellstad, Skog og landskap.

Det blir spennende å se hvilke verdier myndighetene vil vektlegge i kommende miljøstrategier. Viktigst er det imidlertid at seterbrukerne selv, både fritidsbrukere og næringsdrivere, erkjenner verdiene de sitter på, og tar hensyn til dette når bygninger og anlegg skal oppgraderes. Det må finnes bedre løsninger enn å gjøre unike setertun om til ordinære hyttetun. Fortsatt er det mange spennende og godt bevarte bygningsmiljøer å finne, og ikke minst har vi glede av å se bygningsmessige særtrekk i de ulike landsdelene. Vi ønsker at undersøkelsen vår kan bidra til å rette søkelys både på seterdrift som en livskraftig driftsform, og seteranleggene som unike og verdifulle kulturminner.



Frittgående beitedyr trekker ofte til stølene, og gjør sitt til å holde det åpent og fint. Denne brokete gjengen bød på hyggelig selskap og delte min interesse for kløvsteinene på stølen i Voss. Foto Kari Stensgaard, Skog og landskap.



Et ikke uvanlig syn: seterhusene er gradvis blitt erstattet av hytter og snart er setergrenda blitt til en hyttegrend. Et unikt miljø endres til noe ordinært. Er det en slik utvikling vi ønsker? Foto Kari Stensgaard, Skog og landskap.

Budeielivet

- en uhelbredelig sjukdom

På vegne av Budeieeven, en organisasjon i vekst, bestående av ivrige budeier/budører i Telemark, Numedal og Sigdal, ønsker vi litt omtale på landsbasis i håp om en "smitteeffekt" på budeiefronten.

De fleste av oss driver tradisjonell seterdrift med foredling av setermat, noe vi mener er en viktig tradisjon å føre videre før dataalderen overtar for alvor.

Vi takker forøvrig for godt samarbeid med Norsk seterkultur på Dyrskun i Seljord 2013, og håper det kan fortsette i årene framover!

Budeieeven ble bl.a. nominert til Miljøprisen i Telemark i januar 2014, og vi håper på litt økonomisk støtte fra Norsk seterkultur som vil bidra til at vi blir bærekraftige også i framtida.

Vel, våren er like om hjørnet og pulsen begynner å øke bare ved tanken på en ny setersesong. Det er nok en uhelbredelig sjukdom blant oss budeier, men håper jeg aldri blir frisk!

Vennlig hilsen Budeieeven ved leder Synnøve Thorkildsen Landerud



Stor interesse for setring på Dyregod-dagane

Dyregod-dagane på Batnfjordsøra i Møre og Romsdal, er ei landbruksmesse som i løpet av fem år har etablert seg som ein viktig arena for å spreie kunnskap og interesse for landbruk og bygdenæringar.

Arrangementet har i samarbeid med landbruksavdelinga hos Fylkesmannen og Møre og Romsdal fylkeskommune eit eige undervisningsopplegg for 10.klassingar. - Dyra spelar ei viktig rolle på Dyregod-dagane, såleis er det utstilling av ulike husdyrslag - alt frå ku til kanin. Her er kalvemønstring, kvalpeutstilling, gjetarhundbane, ulike hesteaktivitetar, eventyrskog med både fuglar, fisk, artige dyr og troll under brua.

Norsk seterkultur hadde stand på Dyregod-dagane sist haust, og standen var godt besøkt - stor interesse for setring og ystetradisjonar, fortel Per Sæther, styremedlem i Norsk seterkultur. Mange tok med seg blad og innmeldingsblanketter til Norsk seterkultur. Vi hadde på førehand sett opp eit enkelt grindhus og rigga til ei storgryte. Laurdag vart det koka songraut. Søndag bresta vi ei gryte



Seterkultur på landbruksmesse: Per Sæther, styremedlem i Norsk seterkultur stilte med grindhus, mjølkemas-kin, storgryte og kinne under Dyregod-dagane 2013.

med syrna mjølk og tok ut emne til gammalost. Det vart og kinna smør i ei trekinne. Laurdag var Marit Hoel til stades og fortalte om ystetradisjonar, lokking, kyr, kunamn og mykje meir som høyrer med til livet på setra. Vi hadde med eit lite mobilt mjølkeanlegg som vart bruka til mjølking av kyr på

dyreutstillingsplassen. Etter Marit sin ide laga Per til ei tavle der publikum kunne få skrive ned kunamn frå eigen gard/buskap. Fortsatt mykje plass att på tavla vil å verte oppfølgt til neste års messe.

Veldokumentert kvalitet på stølsmelk

Torsdag 13. mars disputerte Hanne Sickel med sin doktorgrad «Effects of vegetation and grazing preferensen aon the quality of alpine dairy product», eller Effekter av utmarksbeite og beitepreferanser på melkekvalitet i seterregionen.

Det var nesten fullsatt sal da Hanne Sickel hadde sin prøveforelesning i auditoriet i Instituttet for naturforvaltning på NMBU på Ås. Både studenter, praktikere og forskere var til stede. Og selvsagt kollegene fra Bioforsk Øst, Løken!

For mange som driver med lokal foredling er dette blir særdeles viktig. Fra tidligere erfaringer vet vi at kulturlandskapet er viktig for matproduksjon, reiseliv, kulturminner osv., men nå er det endelig dokumentert vitenskapelig at gras fra fjellbeiter er bra for helsa. Hanne Sickel har på Bioforsk Øst, Løken har arbeidet med et omfattende dokumentasjonsprosjekt i Valdres og Hallingdal for å se om det er forskjell på melk og kjøtt fra utmarksbeiter fjell og andre steder.

Hun har i sitt stipendiatarbeid i perioden 2007-2011 analysert melkeprøver for fettsyrer, antioksidanter og oksidasjonsprodukt. Undersøkelsene har avdekket signifikante forskjeller. To besetninger, en i Valdres ved Nøsen og en i Hallingdal ved Geilo,

er studerte nærmere i tre sesonger der man har fulgt kyrne og sett på beitemønster og beitepreferanser med blant annet uttak av møkkprøver for å finne hvilke planter kyrne beita mest. Kyrne ble fulgt med GPS- og ut i fra disse er det utarbeidet vegetasjonskart, slik at man har nøyaktige opplysninger over hvor de har gått og kor mye tid de har beita i ulike vegetasjonstyper. Parallelt med vegetasjonsgranskningene er det tatt ut melkeprøver, som er analyserte både for fettsyrer, antioksidanter og oksidasjonsprodukt.

Hanne innledet seansen med en prøveforelesning, etterfulgt av disputasen med utdypende spørsmål av bedømmelseskomiteen. Denne besto av Prof. Brita Svensson fra Uppsala Universitet, Dr. Bruno Martin fra INRA, Clermont-Ferrand (Frankrike) og Dr. Line Nybakken ved NMBU/INA.

Allerede før selve utspørringen startet fikk Hanne mange lovord for arbeidet av bedømmelseskomiteen, både for valg av tema betydningen for verdiskapingen i fjellbygdene, og for oppgavens faglighet. Dette er ellers ikke vanlig for bedømmelseskomiteer, og kan vel ikke tolkes på annen måte enn at de rett og slett var begeistret! Spesielt den franske Dr. Bruno Martin var imponert av det høye faglige nivået. Han understreket også at tema-valget er et svært viktig bidrag til framtidig verdiskaping i fjellbygdene. Selv om mange har erfart at smøret faktisk blir gulere på fjellet, kan vi nå på et vitenskapelig grunnlag slå fast en rekke gunstige egenskaper ved melk som er produsert på fjellbeitene. Hanne

har analysert både beiteplantene, kumøkka og melka og sammenlignet det dyra spiser og hvilken effekt dette har på melka. Undersøkelsene fant høyere innhold av umetta fettsyrer, antioksidanter og vitamin E. Stølmjølka i undersøkelsene hadde også høyere innhold av karoten, som gir gulere melk, rømme og smør, og også høyere innhold av terpenstoff. Forklaringen ligger i plantene artssammensetningen, det høye innslaget av urter, lysforhold og temperatur.

Oppgaven er publisert som "Effects of vegetation and grazing preferences on the quality of alpine dairy products. Tilsvarende undersøkelser er også gjort i Alpene, med samme resultat.



Hanne Sickel.



NSK med i viktig prosjekt:

Bedre og økt beiting i Møre og Romsdal

Norsk seterkultur ved styremedlem Per Sæther er representert i styringsgruppa i prosjektet «Bedre og økt beiting i Møre og Romsdal».

Bakgrunn:

Landbruksmelding nr. 9 (2011-2012) har målsetting om økt beitebruk i landbruket. Kapittel 4 (side 75) innledes med: "Regjeringen vil ta hele landet i bruk for å legge til rette for økt matproduksjon i takt med en økende befolknings etterspørsel. Nasjonal matproduksjon fra land og sjø skal være et fundament for nasjonal matsikkerhet. Produksjonen skal skje på en miljømessig bærekraftig måte, og så langt som mulig med grunnlag i norske ressurser som grovfôr og beite."

Og underavsnitt 1.6.1.(side 29) innledes med: "Riktig beskyttelse og bruk av arealressursene er en forutsetning for å kunne øke matproduksjonen, ivareta et aktivt landbruk over hele landet og sikre at norsk matproduksjon så langt som mulig er basert på norske ressurser."

Landbruksmeldinga legger vekt på beitebrukens verdi i forhold til forming av kulturlandskap, betydningen for turistnæringa og bevaring av biologisk mangfold. En rekke av artene i Norge som betegnes som truede eller sårbare, er avhengige av at kulturlandskapet holdes i hevd.

En slik satsing på beiting vil også passe godt sammen med satsingen på økt storfekjøttproduksjon i Norge. Landbruksministerens ekspertgruppe for økt storfekjøttproduksjon estimerer i sin rapport (februar 2013) behov for 40 000 – 80 000 flere ammekyr i løpet av neste tiårsperiode for at norsk storfekjøttproduksjon skal dekke innenlands etterspørsel. Rapporten legger vekt på at grovfôr og beiteressursen vil være viktig i denne sammenheng.

Styringsgruppa for Nasjonalt beiteprosjekt (2009-2012) skrev følgende i sitt forslag til jordbruksforhandlingene 2013:

«Det bør avsettes betydelig økt ramme til ordningen med tilskudd til tiltak i beiteområder, på følgende grunnlag:

- Generelt behov for økte investeringer i tilknytning til strukturendringer og endret bruk av utmarksbeitene
- Behov for investeringer i elektronisk overvåkingsutstyr
- Økt behov for å gjennomføre planleg-



Kyr på beite i Innerdalen på Nordmøre.

gings- og tilretteleggingsprosjekter knyttet til planlegging og organisering av beitebruk.

Det foreslås videre å avsette midler til pilotprosjekter der beitebruk, gjengroing, biologisk mangfold og evt. kulturminnevern ses i sammenheng knyttet til bestemte områder.»

Gjennom Nasjonalt beiteprosjekt ble det gjennomført en rekke prosjekter rundt om i hele landet. I Vingelen i Tolga kommune ble det gjennomført omorganisering av utmarksbeitene og etablering av nye beitelag. Dette har blitt fulgt opp med investeringer i beiteområdene. Prosessen har involvert en rekke grunneiere og beitebrukere og har vært tid- og ressurskrevende. Styringsgruppen vurderer dette som et svært godt gjennomført prosjekt, og mener at tilsvarende prosjekter og prosesser bør gjennomføres også andre steder. På grunn av de store strukturendringene er det stort behov for dette. Det understrekes fra denne type prosjekter at det er viktig også å ivareta andre brukergruppers interesser i utmark når det gjelder planlegging og gjennomføring av tiltak i tilknytning til beitebruken.

Møre og Romsdal har store unyttede beiteressurser, både i inn- og utmark. Og i Land-

bruksmeldinga for Møre og Romsdal (2012) er det vedtatt et mål om at beitebruken i fylket skal økes, målt i antall dyr og areal. Men bruken av beiteressursene er synkende.

Prosjektet har fått innvilget et treårig prosjekt, der det første året skal brukes til et forprosjekt som skal arbeide fram en konkret plan for et større beiteprosjekt. De to neste årene skal brukes til å gjennomføre planen som forprosjektet utarbeider. Beiteprosjektet legges opp bredt og problematikken deles i tre hovedtema:

1. Tilrettelegging og organisering for beiting med melkeku
 2. Tiltak for bedre kvalitet på kulturbeiter/innmarksbeiter, samt bedre beiting på dyrka mark.
 3. Tilrettelegging og organisering av beiting i utmark, samt kartlegging av beiteressurser.
- Hovedmålet er økt lønnsomhet for bonden, men samtidig må det fokuseres på bieffektene av mer beiting som bedre dyrevelferd, mindre gjengroing, bevaring av verdifullt kulturlandskap, bevaring av biologisk mangfold. Det er god omdømmebygging for norsk landbruk.

Norsk seterkultur og jordbruksforhandlingene 2014

Norsk seterkultur er en organisasjon som kjemper for stølsdriftas eksistens. Vi arbeider for å ta vare på mangfoldet, og for å gjøre driftsformen bedre kjent for samfunnsgrupper utenfor landbruket. Stølsdrift i Norge er en mange hundre år gammel høstingskultur basert på lokale ressurser. Som ekstra bonus får vi et vakkert kulturlandskap. Stølsdrifta er også en viktig del av nasjonens identitet som ofte blir brukt for å markedsføre Norge. Kvotesalg og sammenslåing av produksjonsenheter har ført til en dramatisk reduksjon av støler i drift. Norsk seterkultur ser derfor med stor bekymring på avviklingen av norske mjølkebruk med tilhørende stølsdrift. Ingen andre land i Nord-Europa har like mange aktive støler. Norge har derfor forpliktelser til å føre denne kulturarven videre. Videreføringa av stølsdrifta er ikke bare den enkelte stølsbruker sitt ansvar. Vi forventer at stølsdrift også er et tema for begge faglagene og staten i årets jordbruksforhandlinger.

Innspill til årets forhandlinger

For 2014 har vi valgt ut 3 konkrete utfordringer:

1. Støstilskudd gjennom RMP.

Det er mange ulike grunner til at det i dag er kun ca 1200 setre i drift, men en ting som er sikkert er at setertilskuddet som ble innført gjennom RMP for noen år siden har en effekt. Dersom miljøordningene i landbruket (Spesielle miljøtiltak i landbruket og Regionalt Miljøprogram) i landbruket nå skal gjennomgås ber vi dere om at det tas spesielle hensyn til setring. Dersom denne støtten fjernes vil trolig flere slutte med seterdrift. Vi vet at spesielt i Trøndelag har seterdrifta faktisk tatt seg opp

som en konsekvens av setertilskuddet.

Seterdrifta betyr mye mer enn bare den gode stølsmjølka, den er en viktig del av norsk kulturarv og identitet. Derfor ser vi også en sterkt økende interesse for varer og opplevelser fra stølene både for innbyggere, hyttefolk og tilreisende. I vårt innspill til Jordbruksforhandlingene i 2013 hadde vi som ett av tre punkt et ønske om å øke setertilskuddet. Dette var også en sak for faglagene, og til vår glede ble ramma for dette økt gjennom RMP! Vi vil nå også i år ha dette som hovedsak til årets forhandlinger – fordi vi har forstått det slik at dette nå står under vurdering.

Vi ber nå om at setertilskuddet økes ytterligere.

2. Virkemiddel innenfor Innovasjon Norge

For at seterbedrifter skal kunne få tilskudd til bedriftsnettverk, skal det være krav om

minst 1 millioner i omsetning. Det betyr at de aller fleste bedrifter faller utenom fordi setersesongen for de fleste er bare 4-8 uker. For å unngå at en hel næring (stølsbedrifter) faller utenfor ordningen bør det derfor brukes omsetning pr. time, det vil si lønnsomhet i forhold til den totale tidsbruken i perioden til grunn som kriterie for deltakelse.

3. Elektrisitet på stølen.

Mange støler er uten innlagt strøm. Melkeproduksjon med aggregat krever mange steder oppgradering for å sikre miljøhensyn og bedre nedkjøling av melka. Mange støler ligger også i nærheten av hyttebebyggelse, og for disse kan støy også være et problem. Norsk seterkultur ønsker derfor en støtteordning for miljøvennlige energiformer på strømløse støler.



Framhald frå side 3

Kommunikasjonen med medlemmar, media og omverda har skjedd – og skjer – via Seterbrukaren, www.seterkultur.no og facebook – og vidare har Norsk seterkultur vidareført og oppdatert Seterveilederen – www.seterveilederen.no. I 2013 arrangerte Norsk seterkultur stølskonferanse i Telemark, i godt samarbeid med Budeieveven og FMLA i Telemark og Buskerud. Og i tillegg var det svensk-norsk fagsamling på Røros, i samarbeid med Seterlandet i Nord-Østerdalen og Rørostraktene, Hanen og foreningen Sveriges Fäbodbrukare. Både svært vellukka arrangement. Norsk seterkultur har gjennom mange år spela ein viktig rolle for å styrke seterbruket, ikkje minst som pådrivar for økonomiske verkemiddel. Også siste året har NSK hatt politiske innspel til jordbruksforhandlingane, uttalar i media og kontakt

og møter med styresmaktene på ulike nivå. Av årsmeldinga går det også fram at Norsk seterkultur er representert i fleire prosjekt, både lokale/regionale og internasjonale.

Merkeordning for seterprodukt

I samband med deltaking i ”Verdiskaping og næringsutvikling i fjellregionen” har styret i Norsk seterkultur teke opp ønsket om juridisk beskyttelse av ord som seter og støl til produkt som kun gjeld mjølk frå dyr som har hausta dagbeite i utmarka

Dette vart drøfta i årsmøtet m.a. med bakgrunn i erfaringar frå Sverige. Årsmøtet slutta seg til at styret arbeider vidare med å få til ei merkeordning for bruk av slike ord og omgrep på plass. Søknad i tilknytning til prosjektet er sendt Matmerk.

Aktivitetsplan med store ambisjonar

Årsmøtet slutta seg til styret si aktivitetsplan for det komande året, der ei rekkje tiltak er lista opp og prioritert. Vi merkar oss her at Norsk seterkultur vil gjera mest muleg ut av at 2014 er FN-år for ”family Farming”, familielandbruket, og som FAO selv definerer det «Mountain farming is familyfarming». Dette er klart innafor Norsk seterkultur sitt virkeområde, og vi ønsker derfor å søke om midler til tiltak og markeringar gjennom året, som det heiter i planen. Nye aktivitetar vel elles bli lagt inn fortløpande.

Medlemskontingenten

Etter mange år med uendra medlemskontingent vedtok årsmøtet å auke den frå 300 til 350 kroner for støttemedlem og 450 kroner for aktive seterbrukarar.


Tradisjonell seterdrift gikk mye tilbake i 2013

I fjor var nedgangen i aktiv seterdrift i Oppland større enn han har vore i nokon av åra etter tusenårsskiftet. Denne statistikken bygger på kor mange bønder som årleg søker tilskott til seterdrift med mjølkeproduksjon.

I 2013 var det 347 enkeltsetrer med mjølkeproduksjon, mot 385 setrer i 2012. Det er ein nedgang på ca. 10 %, medan årleg nedgang i perioden 2005-2012 har lege mellom 1 og 7 %. Nedgangen i fjor kan ikkje forklarast berre med færre mjølkeprodusentar, sidan nedgangen blant desse var på «berre» 4,5 %. I dei tre største seterkommunane er talet på mjølkeprodusentar redusert med åtte frå 2012 til 2013 (Øystre og Vestre Slidre, Nord-Aurdal), medan det vart søkt tilskott for 18 færre setrer med mjølkeproduksjon enn i 2012 i dei same kommunane.

Oppland er det største seterfylket i landet, og den tradisjonelle seterdrifta med mjølkeproduksjon står spesielt sterkt i Valdres og Midt-Gudbrandsdalen. Talet på seterbrukarar har likevel gått jamt og trutt nedover i svært lang tid. Dette skjer parallelt med at det blir stadig færre mjølkeprodusentar. På tolv år har halvparten av mjølkeprodusentane i Oppland blitt borte. Seterdrifta er ein sentral del av kulturarven, og beitande dyr og liv på setrene er ein viktig «miljøskapar» i fjellheimen.

Redusert seterdrift speglar at det blir stadig færre bruk med mjølkeproduksjon. Det normale har likevel vore at det er få av gardbrukarane som gir seg med seterdrift så lenge dei har mjølkekyr. Søknadstala kan tyde på ein motsett trend, der ein del bønder avviklar seterdrifta sjølv om dei held fram som mjølkeprodusentar. Fylkesmannen har bede kommunar med spesielt stor nedgang melde frå om dei ser spesielle tilhøve som ligg bak den sterke nedgangen. Så langt viser tilbakemeldingane at det kan vera enkelte seterbrukarar som ikkje har søkt tilskott sjølv om dei faktisk har vore på setra.



I 1995, som er det fyrste året vi har tilskottsstatistikk for, var det 755 enkeltsetrer med mjølkeproduksjon i Oppland. Dette talet var altså nesten halvert i 2012. Alt tyder på at rasjonalisering av bruksstrukturen vil halde fram i åra som kjem, med dei følgjane det vil ha for seterdrifta. Talet på fellesetrer har og gått ned i seinare år, men låg i 2013 på same nivå som året før, 29 setrer.

Kjelde: Fylkesmannen i Oppland

OLAVSROSA

Kvalitetsmerket
for de beste
kulturarvopplevelser.
Et besøk er et minne
for livet.

“Vern gjennom bruk”



www.olavsrosa.no
www.kulturarv.no



Mange av våre produkter
har rot i stølskulturen
og vi støttar
Norsk Seterkultur
i arbeidet for denne
driftsforma

